



Tambarskjelvar idrettslag

ÅRSMØTE 17.MARS 2023, KL. 18:00, ØVRE KALLAND

ÅRSMELDING 2022, REKNESKAP 2022, BUDSJETT 2023



INNHALD

Sak 1-7	Saksliste, framlegg til vedtak, val, reglar	3
Sak 8	Handsame årsmeldingar (ligg som vedlegg)	4
Sak 9	Rekneskap og revisormelding	5
Sak 10	Innkomne saker	6
Sak 10.1	Nedlegging av badmintongruppa	6
Sak 10.2	Nettside til Tambarskjelvar og Sunnfjord triatlon	6
Sak 10.3	Auke aktivitet i idrettslaget	6
Sak 11	Fastsetje kontingent og treningsavgift	7
Sak 12	Budsjett	7
Sak 13	Val	8
	Æresmedlemmer	9
Vedlegg 1	Årsmeldingar og arbeidsplanar	10
V 1.1	Hovedlaget	10
V 1.2	Driftsstyret	13
V 1.3	Fotballgruppa	15
V 1.4	Friidrett	23
V 1.5	Triatlon og sykkel	26
V 1.6	Trimgruppa	28
V 1.7	Vektløftargruppa	29
Vedlegg 2	Rekneskap Tambarskjelvar IL	42
	Rekneskap til dei ulike gruppene	45
Vedlegg 3	Budsjett Hovedlaget	52
	Budsjett til driftsstyret og dei ulike gruppene	54

SAKSLISTE OG FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sakslista er i tråd med Årsmøtet sine oppgåver, jf. § 15 i Lov for Tambarskjelvar Idrettslag.

SAK 1 - GODKJENNE DEI SOM HAR RØYSTERETT

Årsmøtet skal avklare kor mange medlemmar med røysterett som er tilstades ved starten av årsmøtet. Alle som har vore medlem av idrettslaget i minst ein månad, fyller minst 15 år det kalenderåret årsmøtet vert avheldt, og har oppfylt sine økonomiske forpliktingar til idrettslaget, har røysterett.

Årsmøtet er vedtaksført om det møter eit tal medlemmar med røysterett som minst svarar til talet medlemmar i styret, ihht. Idrettslaget sin lov. Om årsmøtet ikkje er vedtaksført, skal det kallast inn til nytt årsmøtet utan krav til minimumsdeltaking.

Framlegg:

SAK 2, 3 - GODKJENNE INNKALLINGA OG SAKSLISTA

Styret viser til innkalling til årsmøte av 19.02.2023 på våre heimesider www.tambarskjelvar.no.

Styret har fått innvendingar mot innkallinga. Innvendinga er slik styret oppfattar den (sjå ev. referat frå styremøte 2_2023 på tambarskjelvar.no) retta mot dårleg annonsering. Annonseringa er i tråd med Idrettslaget sin lov, men vi tek til etterretning at årsmøtet kunne ha vore betre annonsert.

Framlegg: Innkallinga og sakslista vert godkjent

SAK 4, 5 OG 6 - VELJE

- a. Møteleiar

Framlegg: Jan Magne Herstad

- b. Referent

Framlegg: Sigrid A. Førde

- c. To medlemmar til å skrive under protokollen

Framlegg: (to av dei frammøtte)

SAK 7 - GODKJENNE MØTEREGLANE

MØTEREGLAR

1. Årsmøtet vert leia av den møteleiaren som vert valt.
2. Protokollen vert ført av valt referent.
3. Ingen representant får rett til ordet meir enn 3 gongar i same sak. Unnatak gjeld presentasjon av årsmeldingar. Unnatak gjeld og innleiingsføredrag i høve sakslista med taletid 5 minuttar.
4. Møteleiaren kan korte ned taletida og setje strek for talelista etter behov.
5. Representantar som forlanger ordet til møtereglane har 1 minutt taletid.
6. Alle forslag skal leverast skriftleg til møteleiaren, og vere underteikna representanten sitt namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på sakslista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast tilbake og nye forslag kan ikkje settast fram etter at strek er satt, eller saka er teken opp til votering.
7. Med unnatak av lovendingar vert alle vedtak og val avgjort ved fleirtal av dei avgjevne stemmane. Om det vert nytta skriftleg val, tel ikkje blanke stemmesetlar og stemmane vert rekna som ikkje avgjevne.
8. I protokollen førast det inn kven som har hatt ordet i sakene, forslag og vedtak med tal stemmar for og imot.

Framlegg: Møtereglane vert godkjent.

SAK 8 - HANDSAME IDRETTSLAGET SI ÅRSMELDING, IREKNA GRUPPEÅRSMELDINGANE

Styret og gruppene har levert gode årsmeldingar for idrettsåret 2022. Styret og gruppene går gjennom sine årsmeldingar og arbeidsplanar, sjå Vedlegg 1.

Framlegg: Årsmelding for Tambarskjelvar IL og gruppene 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

SAK 9 – HANDSAME IDRETTSLAGET SIN REKNESKAP I REVIDERT STAND

Rekneskapsfører går gjennom rekneskapet, sjå Vedlegg 2, og revisor går gjennom revisjonsmeldinga, for Tambarskjelvar IL.


Til årsmøte/styret i Tambarskjelvar IL

Revisjonsmelding for 2022

Vi har revidert rekneskapen for Tambarskjelvar Idrettslag for rekneskapsåret 2022, som syner eit overskot på kr 146 131,42 . Laget sin egenkapital var på kr 5 487 737,25 pr 31.12.2022.

Ved stikkprøver er bilag og bokføring gjennomgått og funne i god orden. Dokumentasjon og registrering er i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Naustdal, 14.mars 2023



Mari Slagstad Aamot



Renate Aarseth Horstad

Revisor

Framlegg: Årsrekneskapen 2022 for Tambarskjelvar IL hovudlaget som viser eit overskot på kroner 165 501,- vert godkjent slik det ligg føre. Totalrekneskapen 2022 for Tambarskjelvar IL som viser eit overskot på 146 131,42 kroner vert godkjent slik det ligg føre.

SAK 10 - HANDSAME INNKOMNE FORSLAG OG SAKER

Det er komt inn ei sak til årsmøtet frå gruppene. Styret fremjar to saker til årsmøtet.

SAK 10.1- NEDLEGGING AV BADMINTONGRUPPA

Det var noko interesse for gruppa med ein gong ho vart oppretta, men deretter har interessen falt.

Framlegg: Badmintongruppa vert lagt ned og Tambarskjelvar IL melder seg ut av Norges Badmintonforbund,

SAK 10.2 – NETTSIDE/MARKNADSFØRING TAMBARSKJELVAR IL OG SUNNFJORD TRIATLON

Nettsidene våre slik dei no framstår vart etablert i 2017. Styret ynskjer no å fornye både tambarskjelvar.no og knytte sunnfjordtriatlon.no nærmare til hovudsida vår. Vi ynskjer meir aktivitet på heimesidene våre, og vi treng då eit nytt rammeverk som gjer det enklare for både styret og gruppene å publisere her.

Framlegg: Årsmøtet gir styret fullmakt til å nytte inntil 100.000,- kroner til modernisering av nettsidene.

SAK 10.3 - ORIENTERING FRÅ STYRET OG DISKUSJON – VI YNSKJER Å FÅ OPP AKTIVITETEN I IDRETTSLAGET

Aktiviteten i Tambarskjelvar IL har vore avtakande seinare år. Vi ynskjer at aktiviteten i idrettslaget skal auke, og vi ynskjer initiativ frå årsmøtet til aktiviteter som både kan auke medlemsmassen igjen, men som og kan gi eit breiare tilbod til medlemmane våre per i dag.

Framlegg: Styret tek med seg innspela som er komt i årsmøtet til vidare arbeid i laget.

SAK 11 - FASTSETJE MEDLEMSKONTINGENTEN OG TRENINGSAVGIFT

Tambarskjelvar IL ynskjer å skape idrettsglede for alle og er oppteken av at våre avgifter ikkje hindrer deltaking. På idrettsforbundet sine sider finn vi mykje og god informasjon om korleis vi kan arbeide med dette temaet: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/okonomi-som-barriere/>

Barn: 50,-

Ungdom: 100,-

Vaksne: 200,-

Støttemedlem: 100,-

Framlegg medlemskontingent: Satsane vert uendra.

Treningsavgifta dekker kostnader for å kunne delta på trening og kamp i regi av Tambarskjelvar IL: Treningsavgifta er tilpassa det tilbodet du som medlem får, og varierer både på årstrinn og nivå.

Framlegg trneingsavgift: Årsmøtet gir dei enkelte særgruppene fullmakt til å fastsette treningsavgift.

SAK 12 - BUDSJETT 2022

Hovudstyret og gruppene går gjennom hovudtrekka i budsjettet, sjå Vedlegg 3.

Framlegg: Tambarskjelvar IL sitt budsjett for 2023 vert godkjent slik det ligg føre.

SAK 13 - VAL

Til årsmøtet i Tambarskjelvar IL 2023 frå valnemnda. Valnemnda har bestått av Leiar: Anne Marit S Rygg, Medlem: Bjørn Hunderhagen.

13.1 STYRET

Leiar: Siss-May Edvardsen. På val – attval 1 år.
Nestleiar: Sigrid A. Førde. Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2022)
Styremedlemmer:
Pål Arve Myklebust. Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2022)
Janne T. Nøstdal. På val – attval 2 år.
Anne Sofie Berntsen. På val – attval 2 år.
Athina Alisøy Karipi. Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2022)
Andre Klingenberg. Nytt styremedlem, vald for 2 år
Varamedlemmer:
Anne Karin Andvik. Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2022)
Runar Hovland. Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2022)

Røysting med vedtak:

13.2 KONTROLLUTVAL

Medlemmer: Renate Aarseth Horstad – På val - attval 2 år
Mari S. Aamot: Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2022)

Røysting med vedtak:

13.3 REPRESENTANTAR TIL TING OG MØTER I DEI ORGANISASJONSLEDD IDRETTSLAGET HAR REPRESENTASJONSRETT

Framlegg: Årsmøtet gir styret fullmakt til å oppnemne representantane.

13.4 VALNEMND

Leiar: Anne Marit S. Rygg. På val – attval 1 år.
Medlemmar: Bjørn Hundershagen. Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2022)
Det har per no ikkje lukkast styret å få på plass ytterlegare medlemmar til valnemnda.

Framlegg: Årsmøtet gir styret fullmakt til å oppnevne eitt medlem til til valnemnda.

Æresmedlemmer

Ivar Bruflot (1878-1968)

Ola Fimland (1906-1981)

Ingolv Eimhjellen (1906-2000)

Karl Hove (1887-1971)

Kåre Eimhjellen (1924-1992)

Halldor Herstad (f. 1930-2017)

Anders Sæle (1921-2006)

Gunnar Hage (f. 1935)

Erik Horstad (f. 1931)

Arne Grimseth (f. 1948)

Ola Standal (1925-2016)

Norvald Ospehaug (f. 1953)

Åsmund Berthelsen (f. 1952)

Bjørn Hundershagen (f. 1964)

VEDLEGG

VEDLEGG 1: ÅRSMELDINGAR OG ARBEIDSPLANAR (SAK 8)

1.1 Hovedlaget

Styret	
Leiar	Siss-May Edvardsen
Nestleiar	Sigrid A. Førde
Styremedlem	Anne Sofie Berntsen (kasserar, ansv. Barneidrett)
Styremedlem	Pål Arve Myklebust (ansv. Politiattest)
Styremedlem	Athina Karipi
Styremedlem	Janne Takset Nøstdal
1. vara	Ann Karin Andvik
2. Vara	Runar Hovland

Gruppeleiarar	
Allidrett	Eigil Instebo
Fotball	Sven Carlsen
Friidrett	Jan Magne Åsnes
Ski- og orientering	Åsmund Berthelsen
Triatlon- og sykkel	Steffen Stuhau
Trim	Borgny Hatleset
Vektløfting	Ove Varlid

Kontrollutval Renate Aarseth Horstad
 Mari Slagstad Aamot

UTVAL VALT PÅ ÅRSMØTET 2022

Valnemnd: Anne Marit S. Rygg (leiar), Bjørn Hundershagen

Idrettsmerkeutvalet: Sigrid Gjelsvik, Jan Magne Åsnes og Jørn Helgheim

REPRESENTASJON

Banestyret (Naustdal stadion)

Instedalen skianlegg

Sunnfjord idrettsråd: Siss-May Edvardsen

STYRET SITT ARBEID

Styret har hatt to styremøte og handsama 12 saker.

INFORMASJON OG MARKNADSFØRING

Heimesida vår har høvesvis lite aktivitet, men referat frå styremøte vert publisert her.

Facebooksida til idrettslaget er godt besøkt.

FASTE STØTTESPELARAR

Avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane er under fornying.

Vi har avtale med Sport 1 Førde om Adidas-klode og klode frå Craft. Avtalen vart inngått i 2021.

UTDANNING

Det har ikkje vore utstrakt aktivitet med omsyn til utdanning i styret i 2022.

SÆRFORBUND

Tambarskjelvar er medlem i desse særforbunda: Norges Skiforbund, Norges Badmintonforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Volleyballforbund, Norges Friidrettsforbund, Norges Vektløftarforbund, Norsk Styrkeløftforbund, Norges Handicapidrettsforbund, Norges Gang- og turmarsjforbund, Norges Triatlonforbund og Norges sykkelforbund.

AKTIVITET

Etter eit par år med nedgang i aktivitet grunna corona, opplever vi no ny giv både i hovudlaget, i gruppene og hjå medlemmene. Det var svært gledeleg at vi kunne arrangere Sunnfjord Triatlon i 2022, etter to års nedetid. Vi opplever at arrangementet er viktig for Naustdal, med deltakarar både frå Tambarskjelvar og andre idrettslag. Vi legg til rette for dugnad og anna aktivitet på Sanden denne dagen, og arrangementet har eit svært godt og stort publikum.

MEDLEMSTAL

Under er vist medlemsutvikling totalt sett.

	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	1280	1192	1087	1048	941

Tambarskjelvar IL vurderer at nedgangen i medlemskap både er som ein konsekvens av corona, og som ein konsekvens av rydding i medlemslister. Det er medlemmane sjølv som er ansvarleg for å ev. melde seg ut av idrettslaget når dei ikkje lengre ynskjer å stå som aktive/støttemedlem.

ANLEGG

Tabellen under viser anlegg Tambarskjelvar IL driftar. I tillegg bidreg vi til drift av

Naustdalshallen 1 og 2: Drift er overteke av Sunnfjord kommune. Tambarskjelvar IL og Sunnfjord kommune har inngått avtale om vakthald i regi av idrettslaget på ettermiddag- og kveldstid, i tillegg bidreg vi ved utleige til eksterne i helgane. Denne avtalen betyr at Tambarskjelvar IL frå rimelegare leige av hallane. Tusen takk til dei frivillige som stiller opp som vakt i hallen.

Naustdal stadion: sjå årsmelding frå Banestyret.

Anleggsnavn	Eier	Anleggstype	Anleggsklasse	Drifter	Anleggsstatus	Byggeår
Kalland hoppbakke	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Hoppbakke	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nedlagt	1973
Kallandsåsen okart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Orienteringskart	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterande	1988
Naustdal barne og u. skule – nærmiljøkart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nærmiljøkart	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterande	1989
Helgåsmarka okart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Orienteringskart	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterande	1975
Tambarbakken – hoppbakke	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Hoppbakke	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nedlagt	1960

Fimlandsgrend okart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Orienteringskart	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterande	1979
Åsedalen lysløype	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Tur-/skiløype	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Ukjent	1985
Stavdalen o-kart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nærmiljøkart	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterande	1989
Mitredalen skule – nærmiljøkart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nærmiljøkart	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterande	1982
Naustdal stadion – 8kant ballflate Instedalen skianlegg as	NAUSTDAL KOMMUNE Instedalen krins (40%, Tambarskjelvar il 60%)	Liten balløkke/-bane Skileikeanlegg med lysløype	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG INSTEDALEN SKIANLEGG AS	Eksisterande Eksisterande	2013

ÅRSREKNESKAP

Årsrekneskapen 2022 for Tambarskjelvar IL hovudlaget viser eit overskot på 165 501 kroner.

Totalrekneskap 2022 for Tambarskjelvar IL som viser eit overskot på kr 146 131,42 kroner.

Aktivitetsmidlar frå kulturdepartementet 200 000,- kroner.

Norsk Tipping, Grasrotandelen 152 406 kroner.

Link Bingo 98 345 kroner.

Idrettslaget har ein solid økonomi med ein solid eigenkapital på 5 721 901 mill. kroner ved årsskiftet. Gruppene gjer ein god jobb med å sikre inntekter til egne aktivitetar.

VURDERING AV ARBEIDET

Tambarskjelvar IL er god på eit mangfald av aktivitetar, på arrangement, på dugnad og på å samarbeide. Økonomien i laget er stabil, med gode inntekter frå medlemskontingent, kulturmidlar frå Sunnfjord kommune, Link bingo og Grasrotandelen i Norsk Tipping. Gode medlemstal gir tildelingar gjennom aktivitetsmidlane til NIF.

Vi takkar alle tillitsvalde og styremedlemmar i gruppene, styremedlemmar og dugnadsarbeidarar i Naustdalshallen, på Naustdal stadion, Instedalen skianlegg og foreldre som har vore med og bidrege slik at born og unge i Naustdal har eit mangfald av idretts- og fritidstilbod.

Takk til våre sponsorar!

Naustdal, 10.03.2023

Siss-May Edvardsen, Pål Arve Myklebust, Athina Karipi, Anne Sofie Berntsen, Janne Takset Nøstdal, Sigrid A. Førde, Anne Karin Andvik, Runar Hovland

1.2 Driftsstyret Naustdal stadion

Årsmelding for driftstyret for Naustdal Stadion 2022

Styret pr 2022

Bjørn Hundershagen, Leiar

Jan Magne Aasnes, Tambarskjelvar IL

Medlem i fotballgruppa, Tambarskjelvar IL

Kåre Holsæter, Kommunen sin representant

Styret har ikkje hatt fysisk møte i perioden. Leiar har sporadisk koordinering med kommunen sin representant. Leiar har koordinert vedlikehald og drift etter behov

Det er gjort vedlikehald av stadion etter beste evne. Slodding er gjort regelmessig og det er foretatt djuprensing av bana med utstyr frå Førde. Det er gjennomført av Kåre Holseter. Vi har overflaterensa bana 3 ganger i sesongen. Bana er i god stand.

Reklamegjerdet har vore på planen å få gjennomført skifte/vedlikehald men det er ikkje gjennomført. Vi har mista mange støttespelarar i reklameskilt dette året. Disse skilta er tatt ned. Håper på å få fleire med kommande åra.

Det er gledelig at det har vert meir aktivitet i friidrettsgruppa. Det har vert ynskje om å gjere vedlikehald av lengdegropa. Skaffe meir sand og legge på ein duk når den ikkje er i bruk. Dette må vi få til kommande året. Kastområdet for kule må vedlikehaldast.

Det er planlagt rensing av tartandekke i 2023. Kommunen koordinerer med klubbane i Sunnfjord. Det er gjort vedlikehald av utstyr til vedlikehald traktor og det er skifta målnett på 6 av måla.

Det er komt pålegg om å få lagt ut rister med børster der det er naturleg innganger til stadion. Dette er for å hindre at gummigranulat blir dratt med ut over stadion/inn på skulen etc. Her kjem kommunen/Tambarskjelvar til å sende inn søknad om støtte frå Sparebankstiftinga.

Kommunen har fått beskjed om at når dei skal levere gammalt kunstgras så skal vi fjerne det vi har liggande. Gammal PAD som vi har håpar vi at nokon kan få brukt for. Kommunen har fått melding om at vi vil gi dette vekk om nokon skal bygge/rehabiliterer baner rundt i kommenen.

Bjørn Hundershagen

Leiar Driftstyret

23.02.23

Styret for 2023 er fylgjande

Leiar Bjørn Hundershagen

Medlem Kenneth Nøstdal , Friidrett

Medlem Frank Cirotzki , Fotballgruppa

Medlem Kåre Holsæter, Kommunen sin representant

Arbeidsplan 2023

Reperasjon/utbedring av reglamegjerdet blir basert på ein del dugnad og betalte personar. Innkjøp av materiale vil bli innhenta av ulike leverandørar.

Innkjøp av meir sand til lengdegropa

Det er komt ein rapport frå NFF om at det må bli montert granulat oppsamlere (lave kummar) med rister i inngangar,der dei fleste bevegar seg ut og inn av stadion. Sunnfjord kommune er eigar og vil fylgje opp dette pålegget.

Tambarskjelvar har søkt om midlar til dette via Sparebankstiftinga.

Ca kostnad 35.000.- Søkt midlar om 30.000.-

Bjørn Hundershagen

Leiar Driftstyret

1.3 Fotballgruppa

Årsmelding Tambarskjelvar IL – Fotball 2022

Etter to sesongar prega av Covid, var 2022-sesongen tilbake til normalen. Vi har dessverre opplevd ein stor nedgang i antal spelarar, noko som førte til at vi kun stilte med 3 lag i seriespelet i klassane 10-12 år, og eitt lag i ungdomsfotballen (G14/15 samarbeidslag med Eikefjord). Det positive er at Andrine har gjort ein god jobb med miniputt (6-9 år) slik at rekrutteringa der ser ut til å vere bra. Vi stilte med lag i alle klassar på Konglerike-turneringane, i tillegg til at J9 også stilte i seriespel. Også positivt at vi har fått eit damelag som stilte med 7ar-lag i 4.div.

STYRET 2022

Leiar Sven Carlsen (2021-2023) på val

Nestleiar Bjørn-Ole Hjørnevik (2021-2023) på val

Kasserar Gunnar Naustdal (2022-2023) på val

Medlem Frank Cirotzki (2022-2023) på val

Medlem Andrine Mandelid Horstad (2022-2024)

Medlem Camilla Søvig (2022-2024)

Styret har hatt tre styremøter i tillegg til eitt arbeidsmøte i forbindelse med fotballfesten. I tillegg har vi vore representerte på møter i hovudlaget som vi har fått innkalling til.

Alle som har vore i styret i 2022 held fram i 2023.

MINIPUTT 6-9 ÅR (2013-2016)

I 2022 har det vore kjekke treningsøker og turneringar for dei yngste laga i barnefotballen. Mandagane har heile bana vore i bruk med jente og guttelag fra 6 år og opptil 9 år. Engasjerte og flinke trenarar som er grunnen til at vi har fotballtilbod for barn og unge i Tambarskjelvar. Vi er heldige i Naustdal!

Fotballsesongen starta med at 25 spente og glade 6 åringar skulle på si aller første fotballtrening. Eit ledd i rekrutteringa var å dele ut velkomstpakke med bag, tskjorte og drikkeflaske fra Sport 1. Trenarar var på plass før oppstart så Andre Klingenberg gav dei ein fin start på fotballkarriera, med fokus på leik med ballen. Kongeriket turneringa starta i Eikefjorden og her stilte barnefotballen med to lag i alle årsklasser fra 6 til 9 år. Turneringsspelet vart avslutta innandørs i haust på Skei.

9 åringane på jentesida hadde sin første sesong med seriespel. Her har ein fått gode tilbakemeldinga på erfaringane med å starte seriespel i den årsklassen. Å spele kamp midt i veka og ikkje berre på turnering, var høgdepunkt for mange av spelarane.

I 2023 må ein i styret forsette med fokus på rekruttering og ha som mål å få arrangere Kongeriket turnering på heimebane.

Trenarar, lagleiarar:
Gutar/Jenter 6 (2016)

Trenar: Andre Klingenberg

Gutar/Jenter 7 (2015):

Trenar: Terje Birkeland

Gutar 8 (2014):

Trenar: Pål Arve Myklebust

Jenter 8 (2014):

Trenarar: Orhild Gundersen, Geir-Atle Kolstad

Gutar 9 (2013):

Trenar: Kristian Sæbø

Jenter 9 (2013):

Trenar: Silje Skilbrei

Oppsummering:

Vi har vore 9 jenter og hatt vår fyrste seriesesong kor vi har spelt mot Dale og Askvoll. Har også deltatt på turneringer.

Jentene har hatt kjempegod framgang og kosa seg på både heime- og bortebane. Vi gler oss til ny sesong!

ALDERSBESTEMT SERIESPEL 10-17 ÅR (2005-2012)

Gutar 10 (2012):

Trenar: Arne Nes

Lagleiar: Eileen Asheim Hope Aamodt

Oppsummering:

Me har hatt 8 gutar født 2012, og 2 gutar født 2013 som fast stamme i laget. Dette er ei ivrig og treningsvillig gruppe, med godt samhold og gode holdningar. Me har hatt fast trening 1 gong i veka, og nokre ekstratreningar. I tillegg så er gutane flinke til å møtast for å spele fotball på fritida.

Sesongen 2022 var første sesong med 7ar bane. Overgangen har vore merkbar, først og fremst fordi me har ein liten tropp, og har i mange kampar hatt kun 1

innbyttar. Laget har jamnt over hatt fin progresjon, både spelemessig, reint teknisk og fysisk.

I tillegg til seriespel har laget delteke på nokre turneringar, noko som er veldig kjekt. Einkeltspelarar har også delteke på Tine fotballskule, og i Keeperløftet. Laget hadde ein sosial samling i Sunnfjordparken i november, med leik og pizza. Det er absolutt stemnig i laget for å trene innendørs gjennom heile vinteren, og med tanke på neste sesong, så ser det ut til at dei aller fleste har lyst til å fortsette.

Arne Nes, trenar for G10

Gutar 11 (+12) (2011+2010)

Trenarar: Rune Solheim, Tormod Baarøy

Lagleiar: Mari Slagstad Aamot

Oppsummering:

Sesongen har vore prega av ein treningsivrig gjeng som aldri har villa avslutte treninga på tida, men alltid har lyst til å spele litt meir før vi gir oss. Vi har faktisk blitt langt fleire spelarar ved utgangen av sesongen, enn vi var når vi starta.

Resultatmessig var vårsesongen prega av mange singlar og haustsesongen med litt fleire jamne kampar og færre singlar sidan vi var i gruppe med gode lag frå Førde og Florø. Vi beit godt ifrå oss og viste stor framgang i eige spel.

Nominering til Årets fairplay-spelar: Olav Kringlen Gartland, Tambar g11/12

Begrunning fair play:

Olav er alltid lydhør og ivrig på trening. Trøkker til i duellane, men spør alltid om det går bra etterpå. Bryr seg om både med og motspelarar. Opptatt av rettferdigheit og snakkar aldri stygt om eller til andre.

Mari

Jenter 12 (2010)

Trenarar: Arnt Willy Nesbø, Are Iversen

Kontaktperson: Evy Helen Kibsgaard

Vi starta året inne i hallen og hadde 1 trening pr veke. Starta vårsesongen og hadde 2 treningar. I vårens kampar hadde starta vi med nokre tap. Kom seg etter kvart og fekk nokre seiera og uavgjort. Vi trente litt i sommarferien før vi tok fatt på haust sesongen. Der vart det ein del tap og uavgjort. Vi har ikkje hatt stortap, dei fleste kampane har vore jamne resultatmessig. Har og vore med på 2 turneringar. Ei i Sogndal og ei i Svelgen(futsal). Vi har også fått inn 5 stk 2011 jenter på laget

Mvh

Are og Arnt Willy

Vi nominerer Lilje Myrvang Røyseth til Fair Play prisen.

Ho er alltid på trening og legg ned eit godt arbeid på kvar trening.

Er alltid smilande, blid og inkluderande. Bidrar til at andre har det bra og får ei fin trening.

Gutar 14/15 (samarbeidslag med Eikefjord, 2007+2008)

Trenarar: Are Iversen (vår), Knut Galaasen, Sven Carlsen, Erling Austreim (haust)

Lagleiar: Alexis Thingnes

Oppsummering:

Trenarar på våren var Are Iversen, Sven Carlsen og Knut Galaasen. Lagleiar var Alexis Thingnes. Vårsesongen hadde enkel serie med 7 lag som då gav 6 kampar. Det enda med 5 tap og ein uavgjort.

Sesongen vart prega av skader som gjorde at vi sleit med å stille lag mot slutten. Vi mangla også fast keeper, men der Emil, Miguel og Sverre delte på oppgåva. I og med at fleire ønskte å gje seg etter vårsesongen vart det etter nokre telefonar og møter avklart

før ferien at vi i august starta opp haustsesongen i samarbeid med Eikefjord, der vi skulle stille i

Tambarskjelvar sin plass i G15 11 ar 2. divisjon. Vi hadde ei oppstartshelg 6. og 7. august med treningar, pizza og premier league på storskjerm. Vi hadde også tenkt ein treningskamp, men den blei mot Jølster seinare.

I haust har Erling Austreim våre trenar, med Sven og Knut som assistentar. Lagleiar har vore Alexis Thingnes. Vi har trena ein gong i veka i Naustdal og ein i gong i Eikefjord.

Haustrsesongen var i G15 11 ar 2. div avd. 2. Også no i ei gruppe med 7 lag som resulterte i 6 kampar. Det vart 2 singlar og 4 tap. Alt i alt er både trenarar/lagleiar og spelarar godt fornøgde med sesongen og samarbeidet.

Etter sesongen har vi trent inne og avslutta hausten med Førde cup inne der vi stilte med eit lag i G14 og eit i G16. Begge gjorde det bra og kom til a-sluttspel, der G14 kjempa om medalje og enda med bronse.

Vi håpar og planlegg for å fortsette etter jul med samarbeidet og dei same gutane.

Vi nominerer Sebastian Bergby Carlsen til årets spelar. Han er lagetts yngste, er uredd og jobbar hardt, har hatt god utvikling dette året, møter alltid på trening/kamp og med positiv innstilling.

Til årets fair play nominerer vi Kristoffer Bruflo som etter nokre år pause i sommar blei med igjen og har stilt opp for laget på ein veldig fin måte, mellom anna ved å ta på seg å stå i mål etter at vår faste keeper Lukas vart skada.

SENIOR

Senior damer

Trenar: Oddvar Hukset

Lagleiar: Oddvar Hukset

Oppsummering:

Vinteren 2021/22 slo resten av jentelaget saman treningstida med det oppstarta damelaget, då begge laga var få på treningane. I februar vart det meldt på eit lag for seriespel i 4.div. 7-ar. Interessen for damelaget (på fb-side) har aldri stått i stil med oppmøte på trening... Svært mange var innom på ei (!) trening eller 2 – og så såg vi dei ikkje igjen. Laget hadde ein kjerne spelarar som møtte fast på trening, og ei gruppe som prioriterte det lågare – av ulike årsaker. Vi hadde også med 2 mindreårige på trening, som spelte med Svelgen etter ferien. På utetrening svinga antall oppmøtte frå 3 til 15 (!) så i periodar har vi brukt påmelding, for å unngå dei kjipe «altforfå-treningane»

Seriespel vart endra til turneringsspel 3 laurdagar, då vi vart berre 3 lag, saman med Askvoll/Atløy og Sogndal/Kaupanger. Vi starta i Askvoll i mai, med ei OK tropp på 10 spelarar. Knepent tap mot Askvoll, og litt verre (slitne!) mot Sogndal. Det gav meirsmak!

Runde 2 var på Kaupanger i juni, med for tynt mannskap. Det vart tungt å spele utan sentrale spelarar og mangle nok innbyttara, så det var ein nedtur. Siste runde heime vart betre, for nye spelarar kom til gjennom sommaren. Sesongen vart avslutta med å vinne over Askvoll, og gi Sogndal real motstand.

Få kampar på ein sesong, men vi fekk til ein treningskamp mot Tempo.

Vi ynskjer at gruppa som møter «fast» på trening var større, for å kunne gjennomføre betre treningsøvingar når utesesong er i gang. Spelargruppa endrar seg stadig, så vi håpar på positiv utvikling utover våren.

Mvh. Trenar damelaget

Oddvar Hukset

Senior herrer

Trenarar: Jan Magne Langedal, Håkon Svoen

Lagleiar: Bjørn-Ole Hjørnevik

Tambar stilte i 2022 i 6.div i pulje med Anga, Tempo, Eikefjord, Jølster 2 og Svelgen/Bremanger 2. Vi enda til slutt på ein sterk andreplass der kampen om gruppesigeren var open heilt fram til slutt. Spelargruppa har vore stabil i nokre år no, og oppmøte har vore jamnt bra. Positivt å sjå at vi fekk opp spelarar frå eigne rekker. Kristian Bale, Emil Lødøen Hove og Miguel Garfors Grønli har alle delteke på treningar

gjennom året. Spesielt Miguel har utmerka seg, og har spelt fast på a-laget gjennom heile sesongen.

Årets spelar vart Martin Skilbrei, kåra av trenarane.

Trenarane Jan Magne og Håkon gir seg på a-laget etter denne sesongen, og vi i styret vil takke dei for innsatsen dei har lagt ned siste åra. Begge vart heidra med fotballkretsen sin Blå Diplom for lang og tru teneste i Tambarskjelvar.

DOMMARAR

Vi har brukt våre eigne klubbdommarar som dommarar i seriekampane på Naustdal stadion. Då vi har hatt færre lag i 2022 sesongen enn tidlegare, har Christer Dyngen, Kristian Bale og Emil Lødøen Hove teke seg av dommarjobben. I tillegg har Sven Carlsen og Svein Nordheim også dømt nokre kampar.

FOTBALLFEST

Vi arrangerte fotballfest for alle frå 9 år og oppover i auditoriet på skulen onsdag 7.desember. Vi hadde der loddsalg og premieutdeling. Coop sponsa oss med brus og pølser, og spelarane hadde med sjokoladekaker, kaffi og premiar til loddsalg.

Følgjande personar vart heidra:

Årets dommar

Han starta opp som klubbdommer i Tambar i år, etter å ha gjennomført klubbdommerkurs. Dommeren har hatt ei god utvikling og blitt trygg med dommerfløyta. Han starta forsiktig med 5er fotball i vår, men har mest dømt 7er og 9er fotball i haust. Han tek i mot gode råd frå dommerveileder og spør om det er noko han lurar på. Når vi har mangla dommer til ein kamp, har han som oftast vore positiv til å ta dømninga.

Årets dommar: **Christer Dyngen**

Årets Fair Play

Begrunning fair play:

Olav er alltid lydhør og ivrig på trening. Trækker til i duellane, men spør alltid om det går bra etterpå. Bryr seg om både med og motspelarar. Opptatt av rettferdigheit og snakkar aldri stygt om eller til andre.

Årets fairplay-spelar: **Olav Kringlen Gartland**, Tambar g11/12

Årets hederspris

Årets hederspris går til ein person med lang fartstid i Tambarskjelvar IL og Tambar Fotball. Heilt tilbake til 19-pil og boge var han aktiv utøvar i fotballen og etterkvart var

han trener og oppmann for aldersbestemte lag i Tambar. Han har sete i styret for fotballgr. i ein mannsalder, bl.a som nestleiar. I tillegg har han hatt full kontroll på økonomien dei siste 20 åra som økonomiansvarlig i Tambar Fotball.

Han har vore ein viktig pådrivar for dei ulike cuper og turneringar som vi tidligare har arrangert, bl.a Tambar cup(inne), Kongleriket og Eat Move Sleep-cup.

Karen har også tidligare fått tildelt Blå Diplom frå fotballkretsen og Hederspris frå Tambarskjelvar IL for den gode jobben han over tid har gjort for fotballen i Tambarskjelvar.

Prisen går til **Gunnar Naustdal**

Blomst til trenar/lagleiar som sluttar:

Jan-Magne Langedal, trenar senior herrer
Håkon Svoen, trenar senior herrer (ikkje tilstades)
Evy Helen Kibsgaard, lagleiar J12 (2010)

KIOSK

Ann Merethe Fagerheim har hatt ansvar for kiosken. Ho har gjort ein flott jobb, og stilt opp og laga sveler på a-laget sine kampar. Kiosken har ellers vore open under alle kampane på aldersbestemt nivå.

MILJØHELG

Miljøhelga vart avheldt på Sunnfjord Hotell helga 26-27 november. Bjørn-Ole og Andrine deltok på dagtid laurdag. På festmiddagen om kvelden deltok Bjørn-Ole og Gunnar frå styret. Dei hadde der med seg Håkon Svoen som vart tildelt Blå Diplom for lang og tru teneste. Jan-Magne Langedal fekk også tildelt Blå Diplom, men kunne ikkje delta pga sjukdom

Begrunnelse for tildeling:

Jan Magne Langedal:
Starta med miniputt i 1998, og trena dei til 2008.
2008 - 2011 småjenter/ jenter.
2012 - 2015 A- laget.
2016 hjelpetrener A- laget.
2019 - 2022 A - laget.

Håkon Svoen:

Starta med miniputt i 2008 og følgde dei fram til gut i 2017.
I 2013 hadde han eit blanda lag jenter-gutar lilleputt.
Hjelpetrener a laget 2016-2018 2020-2022 Trenar a-laget.
Har sete i hovedstyret som styremedlem i Tambar frå 2016-2020.

Begge har vore viktige trenarressursar, og spesielt siste åra mtp å halde liv i seniorfotballen i Tambarskjelvar.

ØKONOMI

Fotballgruppa har ein god økonomistyring og vi har fortsatt moderate reningsavgifter for alle laga i fotballgruppa. Kasserar gjennom ei årrekke, Gunnar Naustdal, er som alltid ryddig og syter for at vi har orden på økonomien.

Naustdal, 23.02.2023

Bjørn-Ole Hjørnevik, nestleiar

1.4 Friidrett

ÅRSMELDING, FRIIDRETTSGRUPPA 2022

Leiar Jan Magne Åsnes, nestleiar Jan Kåre Rygg, Sekretær Ann Karin Liabø Iversen, Styremedlem Agathe A. Slettehaug.

NYTT TILBOD

Sommaren 2022 starta undertekna saman med Steinar Kleppe og Kenneth Nøstdal opp organisert friidrettstrening for innlæring av teknikk i alle greinene i friidrett løp- hopp- kast frå 4.klasse i Tambarskjelvar IL. Dette vart svært populært, og allereie på første treninga stilte over 30 barn opp! På friidrettsstemnet seinare den same veka (2.pinsedag) vart Tambarskjelvar tredje største klubb på friidrettsstemne på Skei stadion! Det var mykje idrettsglede og fleire prøvde seg på 60m løp, hoppe lengde og kaste liten ball for fyrste gang. Svært gledeleg å sjå så mykje engasjement før tilbodet offisielt var i gang.

Treningane pågjekk over heile sommaren og på KM i Førde i august 2022 vart Tambarskjelvar nest største klubb i antall deltakarar! Det er meget imponerende!!!

Treningane har pågått heile hausten utandørs, og inne i Naustdalshallen etter haustferien. Deltakartalet har falle sidan i sommar, men vi er i ferd med å bygge opp ein gjeng og skape eit miljø for innlæring i teknikk i friidrett løp- hopp og kast.

TRENINGAR

Mandagar kl. 20-22 i hallen for ungdomar / vaksne i vinterhalvåret, og trim/fjellturar i sommarhalvåret. Det er alltid plass til fleire på desse treningane, og spesielt utomhus er det ubegrensa med plass og kjekt om fleire stiller.

Onsdagar kl. 17.30-18.30. Ute på hausten, og inne vinterhalvåret. Frå 4.klasse og oppover. Innlæring i teknikk og prestasjon i løp, hopp og kast.

Torsdagar kl. 18.30-20. Først utandørs ein halv time før treninga er innandørs. Utøvarane på denne treninga har tidlegare år vore frå ungdomskulealder. Det har av ukjent grunn vore dårleg oppmøte på desse øktene denne hausten.

UTDANNING

Ein trenar stilte på trenarkurs for barn og unge laga av Norges friidrettsforbund. Kurset fant stad i Naustdalshallen i regi av Sogn og Fjordane friidrettskrins.

AKTIVITETAR

Friidrettsgruppa organiserer treningar for eit stort aldersspenn i befolkninga. Vi har treningar for barn frå fjerde klasse og oppover som ynskjer å utvikle seg og prestere godt i ei eller fleire av greinene i friidrett løp, hopp og kast. Vidare har friidrettsgruppa treningar for ungdomar som ynskjer allsidig trening for heile kroppen. Vi organiserer også treningar for vaksne som ynskjer allsidig trening for betre helse.

ARRANGEMENT

Barn og unge har deltatt på friidrettsstemne i nærområdet; Skei, Førde og Florø hovudsakleg. Det vart også arrangert eit lokalt treningsstemne på friidrettsstadion i Naustdal for deltakarar i Tambarskjelvar. Øvingane var lengde, liten ball, 60m og 600m. Neste år vil det også bli aktuelt å delta på stemner i t.d. Gloppen.

Søndag 18.desember arrangerte vi innandørs julestemne i friidrett i Naustdalshallen. Det vart konkurrert i lengdehopp, kulestøt og 30m løp med elektronisk tidtaking. Avslutningsvis vart det servert nissegraut som var til overs etter nissemarsjen med barneidretten tidlegare same veka. Dette var svært kjekt og vil bli ein årleg tradisjon!

UTSTYR / STØNAD

Underteikna søkte Amedia / Gjensidigestiftinga om økonomiske midlar for oppstart av eit nytt friidrettstilbod for barn og unge i Tambarskjelvar IL. Vi fekk innvilga 15.000kr på denne søknaden som vart nytta til elektronisk fotocelleutstyr til treningar og konkurransar i friidrett løp.

Vidare vart det søkt friidrettsforbundet om treningsutstyr til å arrangere treningar i friidrett innandørs. Vi fekk innvilga utstyrspakken til friidrettsforbundet som inneheldt alt frå kjepler, ballar, kuler, innandørsspyd, tau, hekkar etc. Dette er dyrt utstyr som kjem godt med i den daglege treninga, og som vi oppbevarer i eige låst skåp i hallen ved sidan av skåpet til trimgruppa/barneidretten.

ØKONOMI

Treningsavgift kr 400 for barn under 16år og kr 600 for dei over 17år.

NYTT STYRE

Leiar Katarine Skagestad Kleppe, Nestleiar Steinar Kleppe, Kasserar Eigil Ingebø, Styremedlem Kenneth Nøstdal og Jan Magne Åsnes.

Takk til dei som går ut av styret for jobben dei har gjort for friidrettsgruppa i Tambarskjelvar IL.

ARBEIDSPLAN 2023 – FRIIDRETTSGRUPPA

Mål: Det overordna målet er å gje barn, unge og vaksne moglegheit til å meistre ulike ferdigheter, og på den måten legge grunnlag for varig lyst til å drive med idrett og fysisk aktivitet livet ut. All aktivitet friidrettsgruppa legg til rette for skal vere i eit trygt og godt miljø slik at det skapar tryggleik og trivsel.

Aktivitetar: Treningane blir hovudsakleg innandørs i Naustdalshallen vinterhalvåret fram til påske, og deretter utandørs på friidrettsstadion fram til slutten av oktober. For dei vaksne blir det fellesturar i skog, mark og fjell sommarhalvåret.

Plan:

- Stimulere til deltaking og utvikling av ferdigheiter i friidrett løp, hopp og kast.
- Deltaking i friidrettsstemner i eigen klubb og i nærområdet, hovudsakleg Sunnfjord og Nordfjord.
- Arrangere friidrettskonkurranse på idrettsstadion i Naustdal for eigne utøvarar, og konkurransar der deltakarar frå andre friidrettsklubbar i Sunnfjordregionen kan delta på.
- Følgje opp utbyggingsplanen til nytt lagerbygg ved idrettsstadion i Naustdal så friidretten får eit området som stettar våre behov no og i framtida.
- Samarbeide med banestyret i år ruste opp friidrettsanlegget ved idrettsstadion, hovudsakleg ordne satsplanke og deksel i lengdetilløpet, meir sand i lengdegropa, trekk over lengdegropa når den ikkje er i bruk, pusse ned kuleringen så den blir glattare, fjerne ugras og vegetasjon frå kastsektor i kuleringen, reingjering av løpebana.

Eigil Garfors Instebo
Naustdal 22.02.2023

1.5 Triatlon og sykkel

Årsmelding 2022 – Tambarskjelvar IL – Triatlon og Sykkel

STYRET

Styret har i 2022 bestått av:

Steffen Stuhaug (Leiar)

Stig Savland (Nestleiar)

Vidar Slettehaug (Styremedlem)

Are Iversen (Styremedlem)

MEDLEMMAR

Grappa har i 2022 hatt 32 registrerte medlemmar. 9 av medlemmane er under 18 år.

Har ikkje vore fakturert treningsavgift i 2022.

ØKONOMI

